

Hordaland fylkeskommune
Elizabeth WarrenVår dato
04.04.2017**Søknad om tilskot til registrering i Askeladden**

Fusa kommune er i gang med å laga ein ny kulturminneplan som eit tema i ny samla kulturplan for Fusa. Planprogram vart vedteke 13. oktober 2016.

Fusa kommune har engasjert konsulent som skal jobba med kulturminnegrunnlaget i Fusa frå april 2017. Anja Tveiterås er kunstfagleg utdanna og godt skikka til oppgåva. Våren og sommaren 2016 vil Fusa kommune gå gjennom eksisterande kulturminneregistreringar og gjera noko nyregistreringar innanfor avgrensa område og tema.

Arbeidet vil i stor grad bestå i å oppsøka kulturminne i felt og få oppdatert informasjon og betre kvalitet på dokumentasjon av viktige kulturminne i Fusa. Dette arbeidet vil vi finansiera med tilskot som tidlegare er gjevne frå Riksantikvaren og HFK. I dette arbeidet vil vi nytta løysinga «braArkiv» levert av Geomatikk-IKT.

Fusa kommune søker no om kr 50.000,- i ytterlegare tilskot til å føra inn i Askeladden opplysningar om prioriterte kulturminne i vedteken kommunal kulturvernplan frå 1998 og kulturminne som har eit formelt vern i vedteke reguleringsplanar. I tillegg er målet at ein skal få innføra i Askeladden fleire kulturminne frå kartleggingsarbeidet i 2017. Askeladden må likevel ajourførast etter endeleg vedtak av ny plan i løpet av 2018.

Vi tenker då at arbeidet med Askeladden skal utførast over 5 veker i etterkant av feltarbeidet på ettersommaren/ tidleg haust 2017, då i 60% stilling.

Kostnad:

60% stilling = 10.000,- per veke. 5 veker a kr 10.000,- = kr 50.000,- *søknad HFK*

Prosjektleiing: ved prosjektleiar for planarbeidet 2.500,- x 5 veker = kr 12.500,- *eigen kostnad*

Kontorutgifter: *eigen kostnad*

Finansiering:

Tilskot HFK: 50.000,-

Eigenfinansiering prosjektleiing: 12.500,-

Kontorutgifter: udefinert eigen kostnad

Helsing

Terje Raunsgard
einingsleiarErik Vangsnes
kulturleiar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

